

HØYRINGSUTTALE – VARSEL OM INNKALLING TIL KONSESJONSBEHANDLING FOR HELLANDSFOSSEN KRAFTVERK

Til:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
nve@nve.no

Frå:

MK Kraft AS
Balane 39
5729 Modalen

Dato: 11.11.2025

Vår ref.: 202521111-1

1. Innleiing

MK Kraft AS viser til NVEs brev av 11.11.2025 om varsel om innkalling til konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 66. Vi takkar for høvet til å gi uttale og ynskjer å bidra konstruktivt i ei heilskapleg vurdering av Modalsvassdraget.

Me vil forøvrig visa til våre bidrag i prosessen med vilkårsrevisjonen som grunnlag for vår allereie involvering i tiltaka samt gi auka innsyn om vårt anlegg:

- «*UTTALE FRÅ MK KRAFT AS TIL SAKSNUMMER 201914739 «BEGRENSET HØRING AV TILLEGG TIL REVISJONSDOKUMENTET. VANNSLIPP 2,2 m³/s FRÅ ALMELID HELE ÅRET.*»
- «*UTTALE FRÅ MK KRAFT AS TIL SAKSNUMMER 201914739 MED TILLEGG EVINY FORNYBAR AS «SØKNAD OM MIDLERTIDIG FRAVIK FRA MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR MODALSVASSDRAGET FOR VANNSLIPPING VED ALMELID» AV 01.04.2025*»

Dette syner at sjølv om MK Kraft ikkje er underlagt konsesjonsvilkåra har me bidrege i forskingsprosjekta, innretta oss krav og førespurnader samt delteke aktivt i saker som omhandlar vårt anlegg.

2. Regulanten Eviny har det heilskaplege ansvaret i vassdraget

Påverknadene på hydrologi, vassføring, habitat og fiskevandring i Modalselva skriv seg i hovudsak frå dei omfattande reguleringane og dei konsesjonsgitte anlegga som Eviny eig og driftar. Som regulant har Eviny det overordna ansvaret for miljøtiltak som må gjennomførast som følgje av reguleringa.

Hellandsfossen kraftverk er eit historisk konsesjonsfritt anlegg og inngår ikkje i reguleringssystemet. Vurderingar av påverknad, miljøtilstand og tiltaksbehov i restfeltet må difor knytast til dei hydrologiske og biologiske endringane som kjem av reguleringsinngrepa.

3. Historiske forhold – anadrom fisk kom først i området etter Eviny sine tiltak

Det er viktig å leggje den faktiske historikken til grunn:

- Hellandsfossen var opphavleg ein naturleg totalbarriere for anadrom fisk.
- Det fanst difor ingen laks eller sjøaure i området mellom inntaket til Hellandsfoss kraftverk og Hellandsfossen (restfeltet).
- Anadrom fisk fekk først tilgang til dette området etter at Eviny etablerte laksetrappa som eit avbøtande tiltak knytt til eigne reguleringar.
- Restfeltet er dermed eit kunstig etablert oppvandrings- og gyteområde, og tilstedeværet av anadrom fisk der er ein direkte konsekvens av reguleringsinngrep.

Dette er eit avgjerande premiss når ansvarsforhold og tiltaksbehov skal vurderast.

4. Tiltak, påverknad og Hellandsfossen kraftverk si rolle

4.1 Faglege vurderingar – Multiconsult si utgreiing av fisketrappa

På oppdrag frå Modalen kommune har Multiconsult utarbeidd notatet «Utredning av fisketrapp i Modalselva» (09.01.2022 Vedlagt i svar). Utgreiinga vurderer både opp- og nedvandringsforhold for laks og sjøaure ved Hellandsfossen, og identifiserer 11 potensielle problemområde (P1–P11) knytt til:

- elvestrekninga mellom kraftverksutløpa
- fisketrappa sine ulike seksjonar
- damanlegget og inntaksmagasinet

Nokre sentrale konklusjonar frå rapporten er:

- Fisketrappa framstår generelt i god teknisk stand for oppvandrande fisk, med gode løysingar for innhopp, resipientkulp og samløp med utløpet frå Hellandsfossen kraftverk.
- Berre eitt punkt, P10 (øvre lukesystem og overgang til lukka tunnelsseksjon), er vurdert som eit strakstiltak med svært alvorleg betydning for oppvandringa.
- Fisketrappa er vurdert som den tryggaste nedvandringsvegen for både smolt og utgytt fisk / vinterstøing, under føresetnad av at det er vassføring i trappa i dei viktigaste nedvandringsperiodane.
- Det blir tilrådd å installere finmaska varegrind for å hindre nedvandring gjennom turbinane, og å utvide periodane med vassføring i trappa om våren og hausten.

Desse vurderingane viser at Hellandsfossen kraftverk inngår i ein større samanheng, og at dei viktigaste utfordringane i hovudsak er knytte til regulering, dam- og lukesystem og driftsmønsteret for trappa.

4.2 Finmaska rister

MK Kraft AS har dei siste åra bistått NORCE og Modalen Elveeigarlag i arbeidet med forskning på nedvandring av fisk, og har mellom anna montert finmaska rister med lysopning på 18 mm i inntaket som eit mellombels og førebyggjande tiltak for å hindre at smolt og større fisk kjem inn i vassvegen:

- Tiltaket er ikkje eit krav, men er gjennomført som eit tiltak frå for å redusera dødelegheit ved nedvandring.
- Eviny har bidrege som fagleg konsulent i utforminga av rista.
- Ristene har våre i bruk frå våren og fram til fyrste snøfall dei siste åra.

Tiltaket svarer på problemstillinga som både Miljødirektoratet, FNF, NORCE og Multiconsult har peika på, men er eit mellombels tiltak.

4.3 Vassføring og nedvandningsforhold

MK Kraft AS har i dag krav om å sleppe minstevassføring over Hellandsfossen i perioden 15. april – 15. juli.

Vi ønskjer å påpeike at:

Dersom kravet til minstevassføring i framtida vert endra som del av ei heilskapleg løysing, kan kraftverket medverke til betre nedvandningsforhold for smolt ved at vatnet i større grad blir ført gjennom kraftverket. Dette vil halde vasstanden lågare og hindre at smolt sym over Hellandsfossen, der dødelegheita elles er svært høg.

Dette viser at kraftverket kan vere eit viktig avbøtande element dersom NVE vurderer endringar i vassføringsregimet, og harmonerer med Multiconsult si vurdering av at trappa bør vere hovudveg for trygg nedvandring.

4.4 Stabilisering av vasstand og vassføring i laksetrappa

Hellandsfossen kraftverket medverkar i dag til å halde vasstanden i restfeltet meir stabil enn han elles ville vore, då ein jamn del av vatnet blir ført gjennom kraftverket. Reguleringsprinsippet drift er vasstandsregulering med centimeter-presisjon. Dette bidreg til:

- meir stabil vassføring i laksetrappa
- betre funksjon i periodar med lågt naturleg tilsig
- beredskap mot at trappa blir tørrlagt

Vi avviser difor påstanden om at Hellandsfossen kraftverk er årsak til at det til tider renn for lite vatn i laksetrappa, og stiller oss undrande til kvar denne påstanden kjem frå. Dette står og i kontrast til at laksetrappa har vore stengd i fleire år og vart fyrst opna att i 2024, noko som har påverka oppvandringmoglegheitene i elva. Vi ber om at NVE vurderer om det kan vere tenleg

med ei breiare og meir uavhengig gjennomgang av faktagrunnlaget i vassdraget. Ei open og balansert vurdering, der kunnskap blir henta frå fleire kjelder, vil styrkje både tilliten til prosessen og grunnlaget for gode forvaltningsmessige avgjerder. Vi noterer eksempelvis at Miljødirektoratet har fått innspel frå regulanten om forhold som gjeld Hellandsfossen Kraftverk utan at vi kjenner oss igjen i situasjonen, ref. «*NVE gir tillatelse til midlertidig fravik fra krav om minstevannføring for Hellandsfoss kraftverk i Modalen kommune, Vestland fylke*», dykkar referanse 202509082-2 av 15.04.2025 side 4.

4.5 Tiltak ved avløpet – funksjon for oppvandrande fisk

Det er historisk gjennomført tiltak ved utløpet frå Hellandsfossen kraftverk for å leie vatn mot laksetrappa og gjere denne til ein attraktiv og lettfunnen oppvandringsveg. Multiconsult vurderer samlokaliseringa av utløp frå kraftverket og fisketrappa som gunstig, og peikar på at dette gir sterke attraksjonsstimuli i resipientkulpen.

MK Kraft AS har vidareført og vedlikehalde desse løysingane.

4.6 Rolle i den samla påverknaden

Vi oppfattar at NVE ønskjer ei samla og heilskapleg vurdering av påverknadene i vassdraget. Dette støttar vi.

Samstundes er det viktig at vurderingane tek omsyn til:

- at anadrom fisk er i området på grunn av Eviny sine tiltak
- at hydrologien i restfeltet fullt ut er eit resultat av reguleringane
- at problemstillingane med fisketrappa i hovudsak er knytt til dam-/lukesystem og regulert vassføring, slik Multiconsult har peika på
- at Hellandsfossen kraftverk står for ein avgrensa del av påverknaden, og til dels har positive effektar gjennom stabil vassføring, tiltak ved avløpet som gir leiestraum mot fisketrappa samt bruk av finmaska rist for å beskytte inntaket.

MK Kraft AS vil bidra konstruktivt, men kan ikkje ta økonomisk ansvar for tiltak som spring ut av reguleringspåverknad.

5. Prinsipp for vidare arbeid

Vi legg til grunn at:

- Eventuelle miljøtiltak må rettast mot regulanten, som står bak dei hydrologiske og biologiske endringane i vassdraget.
- Vurderingane må sjåast i samanheng med den pågåande vilkårsrevisjonen.
- Hellandsfossen kraftverk blir gjerne kan vere ein del av løysinga, men ikkje belastast med krav eller kostnader forårsaka av reguleringsinngrep.

6. Avslutning

MK Kraft AS ønskjer ei ryddig og kunnskapsbasert behandling av saka. Vi ber om at:

- dei historiske forholda blir lagt korrekt til grunn
- ansvaret blir plassert hos rette aktørar
- våre gjennomførte tiltak og aktive samarbeid om miljøtiltaka blir vektlagde
- framtidige krav blir dimensjonerte etter faktisk påverknad

Vi står til disposisjon for vidare dialog og samarbeid.

Med helsing

Simon Flatekval
MK KRAFT AS